

Rutine for mindre reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14.

Informasjon om reguleringsendring ved forenkla prosess, tidlegare kjent som mindre endring/mindre vesentleg reguleringsendring.

Sist endra 03.08.2026

Reguleringsendringar følgjer i utgangspunktet same reglar som ved utarbeiding av detaljregulering. For nokre reguleringsendringar er det lagt opp til ein enklare prosess, etter [plan- og bygningsloven § 12-14](#). Dette gjeld endringar som:

- *i liten grad elles vil påverke gjennomføringa av planen*
- *ikkje går utover hovuddrammene i planen*
- *og heller ikkje vedkjem omsynet til viktige natur- og friluftsområde*

Om saka kan handsamast som mindre reguleringsendring avklarast i møte med utviklingsavdelinga. Kommunedirektøren har mynde til å gje løyve til å starte arbeidet.

Før søknaden vert sendt til kommunen skal forslagsstillar sende planlagt reguleringsendring til uttale til eigarar og festarar av eigedomar som vedtaket direkte vedkjem og andre partar som saka gjeld (nabovarsel). I varslinga skal det føreliggje minimum plankart, reviderte føresegner og forenkla planomtale som skildrar den ynskja endringa. **Frist for uttale skal vere minimum 3 veker.**

Søknaden som sendast til kommunen skal innehalde følgjande:

- Namn på reguleringsplan som ein ynskjer å endre
- Oversendingsbrev med kort skildring av endringa
- Revidert plankart og føresegner (den originale føresegna skal reviderast, dette avtalast i detalj med kommunen)
- Forenkla planomtale med skildring av endringa, behovet for endring og konsekvensane av endringane. Inkl. konsekvens for naturmangfald, miljø, trygg byggegrunn, universell utforming og barn og unge sine interesser
- Kart - situasjonsplan, illustrasjon av eventuell endring i plankart
- Kopi av nabovarsel
- Liste over mottakarar av nabovarsel
- Kopi av eventuelle innkomne merknader med søkjar sine kommentar.

Forslagsstillar sender søknad om reguleringsendring etter forenkla prosess til Herøy kommune, Rådhusgata 5, 6090 Fosnavåg eller via [skjema](#) på heimesida vår.

Kommunen vurderer om omsøkt endring kan handsamast ved forenkla prosess. Rundskriv [H-6/17](#) er rettleiande i denne vurderinga. Etter at kommunen har motteke søknaden vil vi vurdere om og kven av sektormynde vedtaket gjeld for og sende saka til uttale før det vert gjort vedtak i saka.